Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal,  
Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma,  
Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven,  
Haram og Ålesund. Møre og Romsdal fylkeskommune.

## Saksframlegg

Saksnr. Utval  
PS 03/26 Stranda kontrollutval

Møtedato  
10.02.2026

### Handsaming av prosjektplan forvaltningsrevisjon 2026 - byggesak Stranda kontrollutval

#### Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen for forvaltningsrevisjon innan byggesak i Stranda kommune, med den framdriftsplan og ressursbruk som er skissert. Utvalet ber sekretariatet kvalitetssikre at dei moment som kjem fram i møtet vert tatt inn i planen. Kontrollutvalet ber om at forvaltningsrevisor held sekretariatet informert undervegs og at utvalet vert orientert om der er behov for vesentlege endringar i prosjektet.

#### Bakgrunnsinformasjon:

Stranda kontrollutval gjorde i sitt møte 11. november 2025 i sak 25/25 slikt vedtak:

*Sidan Stranda kommune ikkje har sluttstilt ny plan for helse/omsorg vel kontrollutvalet å prioritere teknisk/plan som tema for forvaltningsrevisjon i 2026. Det kan være aktuelt å sjå nærare på sakshandsaming, fristbrot, rettleiing, kompetanse og kapasitet i planavdelinga.*

*Møre og Romsdal Revisjon SA skal levere prosjektplanen med tydeleg problemstilling, anslag på ressursbruk og tidsplan for gjennomføring. Denne planen leggst fram på neste møte i Stranda kontrollutval i 2026 og skal være grunnlaget for arbeidet med endeleg rapport.*

#### Vurdering:

Vedlagt ligg eit forslag til prosjektplan frå oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Terje Gundersen-Røvik i kommunerevisjonen. Denne fangar opp fleire av dei problemstillingane som kontrollutvalet diskuterte på sitt førre møte. Det er også mogleg å diskutere nærare denne planen i møtet og kome med innspel. Kontrollutvalet i Stranda kommune bør derfor

vedta forslag til prosjektplan og starte opp arbeidet med forvaltningsrevisjon i tråd med dette.

Dersom utvalet ynskjer vesentlege endringar i prosjektplanen som er lagd fram, vil det vere naturleg å be revisor om å utarbeide ein revidert plan som kan handsamast på etterfølgjande møte. Dersom dette medfører store forseinkingar, kan kontrollutvalet gje kontrollutvalsleiar, eventuelt i samarbeid med kontrollutvalssekretæren, fullmakt til å akseptere den reviderte planen. Ein kan opplyse om at det har vore samtale mellom kommunerevisjonen og sekretariatet i arbeidet med den framlagte planen. Terje Gundersen-Røvik vil presentere planen i møte i kontrollutvalet 10. februar 2026.

### **Vedlegg**

Prosjektplan forvaltningsrevisjon 2026 byggesak

Forvaltningsrevisor si erklæring om uavhengighet Stranda kommune

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

# PROSJEKTPLAN

---

Stranda kommune

Byggesak

januar 2026

## 1 BAKGRUNN OG BESTILLING

### 1.1 BAKGRUNN

Stranda kommunestyre handsama 30.10.2024 (sak 123/24) i tråd med framlegget frå kontrollutvalet Plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret valde å prioritere følgjande tema:

1. Personalforvaltning
2. Helse/omsorg
3. Plan/Teknisk

Stranda kontrollutval handsama i sitt møte 9. september 2025 ein forvaltningsrevisjon «Personalforvaltning». Med bakgrunn av at forvaltningsrevisjonen hadde hovudfokus på personalforvaltninga i einingar innan helse og omsorg, valte kontrollutvalet teknisk/plan som nytt tema for forvaltningsrevisjon (sak 25/25) i staden for tema Helse/omsorg.

Byggesakhandsaming er ei sentral oppgåve i kommunane si forvaltning, og har stor tyding for innbyggjarane, næringsliv og samfunnsutvikling. Kommunen skal sikre at byggetiltak skjer i tråd med gjeldande planer og lowerk, og at prosessen er effektiv, rettferdig og forståeleg for søkarane. Plan- og bygningslova stiller klare krav til fristar for handsaming, og forvaltningslova pålegg kommunen å gi tilstrekkeleg rettleiing slik at søkarane kan ivareta sine interesser.

### 1.2 BESTILLING

Stranda kontrollutval har i sitt møte 11. november 2025, i sak 25/25 bestilt ein prosjektplan innan byggesakhandsaming. I protokollen etter møtet heiter det at det kan vere aktuelt å sjå på følgjande tema: Sakshandsaming, fristbrot, rettleiing, kompetanse og kapasitet.

Prosjektplanen skal innehalde tydelege problemstillingar, anslå ressursbruk og tidsplan for gjennomføring av ein forvaltningsrevisjon.

## 2 PROBLEMSTILLINGAR

### **Problemstilling med delproblemstillingar:**

I kva grad oppfyller kommunen krava til forsvarleg byggesakhandsaming med særleg vekt på

- Sakshandsaming med fristar
- Rettleiingsplikt
- Kapasitet og kompetanse

## SAKHANDSAMING

- Kommunen bør gjennomføre mottakskontroll av søknader seinast 1–2 veker etter at søknaden er motteken.
- Sakshandsaminga av byggesaker skal skje i samsvar med lovpålagte fristar.
- Kommunen skal gi førebels svar dersom det er venta at det vil ta uforholdsmessig lang tid før ein førespurnad kan bli svara på.
- Klager skal handsamast innan fristen på 3 veker.
- Ved fristbrot kan søkjar ha krav på gebyrreduksjon.

## RETTLEIINGSPLIKT

- Det skal givast tilstrekkeleg rettleiing slik at søkjarar kan ivareta eigne interesser.
- Grunngevinga for vedtaket skal vere forståeleg for søkjaren.
- Søkjarar skal oppleve å bli møtt med høflegheit og respekt.

## KAPASITET OG KOMPETANSE

- Kommunen skal sikre at de tilsette har tilstrekkelig kompetanse.
- Kommunen skal sikre at det er nok ressursar til å løyse lovpålagte oppgåver innan fristane.

Revisjonskriterium skal utarbeidast for kvart forvaltningsrevisjonsprosjekt og er dei normene, krava eller standardane som verksemda i kommunen skal vurderast opp mot. Aktuelle revisjonskriterium er:

- Kommuneleva
- Plan- og bygningslova
- Forskrift om byggesak (byggesaksforskrifta )
- Forvaltningslova
- Språklova
- God forvaltningsskikk
- Digitaliseringsrundskrivet og krav til tilgjengelegheit
- KS og DIBK – god praksis

## 5 AVGRENSINGAR

Plan- og bygningsloven regulerer byggesakhandsaminga. Undersøkinga vurderer eit utval av krav i lov og forskrift.

Gjeldande standard for forvaltningsrevisjon er RSK 001, utarbeidd av NKRF- kontroll og revisjon i kommunene (NKRF).

Forvaltningsrevisjon blir gjennomført innan ein avgrensa tidsperiode, og vi kan berre gå god for funna våre på gjennomføringstidspunktet.

## 6 METODE

Vi ser for oss følgjande metodar som aktuelle for datainnhenting:

- Intervju
- Dokumentgjennomgang – delegering – rutinar
- Tilgjengeleg statistikk
- Saksgjennomgang
- «Brukarundersøking» vil bli vurdert, dersom vi ser nytte av dette

## 7 PROSJEKTGRUPPE OG TIMEANSLAG

| NAVN                  | TITTEL              |
|-----------------------|---------------------|
| Terje Gundersen-Røvik | Oppdragsansvarleg   |
| Ingvild Bye Fugelsøy  | Forvaltningsrevisor |

Vi reknar med at prosjektet kan gjennomførast på 350 timar. Timeanslaget omfattar førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, innsamling og analyse av data, samt utarbeiding og kvalitetssikring av rapporten. Timetalet inkluderer òg ei brukarundersøking og presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

| AKTIVITET                                        | PLANLAGT UTFØRT      |
|--------------------------------------------------|----------------------|
| Bestilling av prosjektplan                       | 11. november 2025    |
| Prosjektplan handsamast i kontrollutvalet        | 10. februar 2026     |
| Arbeid med rapport                               | Februar – april 2026 |
| Undervegs rapportering til kontrollutvalet       | 7. april 2026        |
| Høyringsperiode                                  | Juni 2026            |
| Planlagt behandling av rapport i kontrollutvalet | 15.september 2026    |
| Planlagt behandling av rapport i kommunestyret   |                      |

For å kunne gjennomføre prosjektet innan fristen og med stipulert timebruk, er det nødvendig at kommunen sender over etterspurd dokumentasjon innan dei fristane som blir fastsette. I tillegg er vi avhengige av at utvalde personar stiller til intervju og stadfestar referat innan rimeleg tid.

## VEDLEGG: UTLEIA REVISJONSKRITERIER

### KJELDER

- Plan og bygningsloven (Pbl.) §§ 19-2, 21-4, 21-7
- Departementet svarer på undersøkelse fra Sivilombudsmannen om tolkingen av plan- og bygningsloven § 21-7
- Forvaltningslova §§ 28 og 29
- Kommuneleova §§ 1 og 23

### UTLEIA REVISJONSKRITERIER

Ifølgje forskrift om kontrollutval og revisjon (§15) skal det setjast opp revisjonskriterium for forvaltningsrevisjon. Desse kriteria er krav og forventningar som vurderinga skal bygge på, og dei skal vere henta frå autoritative kjelder som lov, forskrift, politiske vedtak, retningslinjer og statlege føringar.

#### Tid til sakshandsaming

Plan- og bygningslova § 21-7 seier at kommunen skal avgjere ei fullstendig søknad innan 12 veker. Fristen startar først når søknaden er komplett. Mangelfulle søknader skal ikkje liggje lenge før kommunen vurderer dei, og **mottakskontroll bør gjerast innan 1–2 veker**.

[https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/-21-7-departementet-svarer-pa-undersokelse-fra-sivilombudsmannen-om-tolkingen-av-plan-og-bygningsloven-21-7/id2922577/?utm\\_source=chatgpt.com](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/-21-7-departementet-svarer-pa-undersokelse-fra-sivilombudsmannen-om-tolkingen-av-plan-og-bygningsloven-21-7/id2922577/?utm_source=chatgpt.com)

[https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/-21-7-departementet-svarer-pa-undersokelse-fra-sivilombudsmannen-om-tolkingen-av-plan-og-bygningsloven-21-7/id2922577/?utm\\_source=chatgpt.com](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/-21-7-departementet-svarer-pa-undersokelse-fra-sivilombudsmannen-om-tolkingen-av-plan-og-bygningsloven-21-7/id2922577/?utm_source=chatgpt.com)

I visse tilfelle skal kommunen **behandle ei komplett byggesøknad innan 3 veker**, dersom tiltaket er i tråd med regelverket, det ikkje er merknader frå naboar, og det ikkje trengst uttale frå andre myndigheiter. (Pbl. § 21-7, 3.ledd)

**Søknad om dispensasjon etter § 19-2 skal også avgjerast innan 12 veker**, jfr. Pbl. §21-4, 2.ledd. Fristen kan forlengjast dersom kommunen ventar på rettingar eller supplerande opplysningar, eller når søknaden er til uttale hos statlege eller regionale myndigheiter.

#### Foreløpig svar

Kommunen skal i henhold til forvaltningsloven § 11a, 2.ledd gi **foreløpig svar** dersom det må ventes at det vil ta uforholdsmessig lang tid før ein henvendelse kan besvares. I svaret skal det gjerest rede for grunnen til at henvendelsen ikke kan behandles tidligere, og såvidt mulig angis når svar kan ventes.

Sivilombudsmannen (SO) har uttalt at kommunar bør lage skriftlege rutinar for foreløpig svar og “forsinkelsesmeldingar” som realistisk angir forventa behandlingstid. I førebels svar bør kommunen forklare årsak til forsinkelsen og gi eit så realistisk estimat som mogleg for når saka kan vere ferdigbehandla.

[https://www.sivilombudet.no/uttalelser/froya-kommunes-saksbehandlingstid-og-rutiner-i-byggesaker/?utm\\_source=chatgpt.com](https://www.sivilombudet.no/uttalelser/froya-kommunes-saksbehandlingstid-og-rutiner-i-byggesaker/?utm_source=chatgpt.com)

### Klage på vedtak

Byggesaker etter plan og bygningsloven kan normalt påklagast etter forvaltningslovas regler. Statsforvaltaren er normalt klageinstans, jfr. pbl. § 1-9 og fvl. § 28. **Klagefristen** følgjer av forvaltningslova § 29. Klage skal sendast innan 3 veker etter at underretning om vedtak er mottatt og klagen skal vera skriftleg og grunngitt. Statsforvaltaren skal vurdere om vedtaket er lovleg og kan endre eller oppheve vedtaket.

### Gebyr reduksjon

Pbl. § 21-7, 1.ledd og byggesaksforskriften (SAK10) § 7-6 omhandler gebyrbortfall ved kommunens fristoverskridelser og regulerer krav til tilbakebetaling av gebyr når kommunen overskrider frister for sakshandsaming. I byggesaksforskrifta § 7-6 står det at kommunen skal tilbakebetale 25 % av det totale gebyret for kvar påbegynt veke tidsfristen overskrid. Heimelet for regelen er gitt i plan- og bygningslova §§ 21-7 og 7-4 (dispensasjonsvedtak). Departementet stadfester også dette i ein tolkings uttale: Dersom kommunen ikkje overheld 12-vekens fristen etter pbl. § 21-7, bortfell byggesaksgebyret i høve SAK10 § 7-6, jfr.

[https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/-21-7-og-sak10-7-6-departementet-svarer-pa-sporsmal-om-gebyrbortfall-for-fradelingssoknader/id2913763/?utm\\_source=chatgpt.com](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/-21-7-og-sak10-7-6-departementet-svarer-pa-sporsmal-om-gebyrbortfall-for-fradelingssoknader/id2913763/?utm_source=chatgpt.com)

Ut frå det ovanfor nemnde er følgjande revisjonskriterium utarbeidde:

- Kommunen bør gjennomføre mottakskontroll av søknader seinast 1–2 veker etter at søknaden er motteken.
- Sakshandsaminga av byggesaker skal skje i samsvar med lovpålagte fristar
- Kommunen skal gi foreløpig svar dersom det må ventes at det vil ta uforholdsmessig lang tid før ein henvendelse kan besvares.
- Klager skal behandlast innan fristen på 3 veker
- Ved fristbrot kan søker ha krav på gebyrreduksjon.

### **Rettleiing**

PBL § 21-2 fastsetter at kommunen skal gi veiledning til private som ønsker å gjennomføre tiltak etter loven. Dette gjelder både før og under byggesakshandsaminga. Formålet er å sikre at søkere forstår hvilke krav som gjelder, sender inn komplette søknader og følger plan- og bygningslovens regler.

God forvaltningsskikk krev at forvaltninga er sakleg, omsynsfull, open og serviceinnstilt. Normene påverkar både organisering av arbeidet og sakshandsamingsprosessen, og kjem i tillegg til lovfestede reglar.

Språklova § 9 krev at offentlege organ kommuniserer på eit klart og korrekt språk tilpassa målgruppa. Klarspråk fremjar rettstryggleik, demokrati, tillit og effektivitet ved at informasjonen blir lett å forstå og færre spørsmål treng å stillast.

Ut frå det ovanfor nemnde er følgjande revisjonskriterium utarbeidde:

- Det skal gjevast tilstrekkeleg rettleiing slik at søkjarar kan ivareta eigne interesser
- Grunngevinga for vedtaket skal vere forståeleg for søkjaren

- Søkjarar skal oppleve å bli møtte med høflegheit og respekt

### **Kapasitet og kompetanse**

Kommunen skal sørge for tilstrekkeleg kompetanse og ressursar til sakshandsaming som skal sikre at byggesaker blir handsama på ein fagleg forsvarleg måte i samsvar med plan- og bygningslova.

Kommunen skal ha tilstrekkeleg kapasitet og ressursar til å utføre sakshandsaming, tilsyn og kontroll på ein effektiv og forsvarleg måte. Vidare skal kommunen kunne gje rettleiing som er korrekt og forståeleg for søkjarar, i tråd med forvaltningslova § 11.

Sakshandsaminga skal følgje prinsippa for god forvaltningsskikk, og vere sakleg, korrekt og effektiv, noko som er avhengig av tilstrekkeleg kompetanse og ressursar i byggesakavdelinga.

Ut frå det ovanfor nemnde er følgjande revisjonskriterium utarbeidde:

- Kommunen skal sikre at de tilsette har tilstrekkelig kompetanse
- Kommunen skal sikre at det er nok ressursar til å løyse lovpålagte oppgåver innan tidsfristar.

MRR

## Til Kontrollutvalget i Stranda kommune

### Vurdering av oppdragsansvarlig forvaltningsrevisors uavhengighet

Ifølge kommuneloven § 24-4 skal revisor være uavhengig og ha godandel. Nærmere krav følger av forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16-19.

Kravene til uavhengighet og objektivitet gjelder for alle som utfører revisjon for kommunen, herunder regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll. Dette omfatter både oppdragsansvarlig revisor, medarbeidere på oppdraget og eventuelt andre som er engasjert på oppdraget.

Møre og Romsdal Revisjon SA har et kvalitetskontrollsystem i samsvar med internasjonal standard for kvalitetskontroll (ISQM1). Kvalitetskontrollsystemet omfatter dokumenterte retningslinjer og rutiner for etterlevelse av etiske krav, faglige standarder og krav i gjeldende lovgivning og annen regulering. Som en del av kvalitetskontrollsystemet har vi rutiner for å følge opp og sikre at revisjonsteamet har tilstrekkelig uavhengighet.

Ifølge forskriften om kontrollutvalg og revisjon § 19 skal oppdragsansvarlig revisor hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget.

### Oppdragsansvarlig revisors og vurdering av dennes uavhengighet

Møre og Romsdal Revisjon SA skal i 2025-2026 gjennomføre et forvaltningsrevisjonsprosjekt i Stranda kommune om byggesak. Terje Gundersen-Røvik er oppdragsansvarlig revisor og gir under en vurdering av egen uavhengighet.

| Forskriftskrav                                    | Oppdragsansvarlig revisors egenvurdering                                                                                                                                                                                                      |
|---------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Overordnet krav til uavhengighet (§ 16)           | Undertegnede bekrefter at det ikke foreligger spesielle forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet.                                                                                                 |
| Tilknytning til den reviderte virksomheten (§ 17) | Undertegnede har ikke selv eller nærstående som har en slik tilknytning til den reviderte eller kontrollerte virksomheten eller virksomhetens ansatte eller tillitsmenn at den er egnet til å svekke revisorens uavhengighet og objektivitet. |
| Stillinger i kommunen (§ 18 a)                    | Undertegnede har ikke stillinger eller verv i kommunen.                                                                                                                                                                                       |
| Stillinger i virksomhet (§ 18 b)                  | Undertegnende har ikke andre stillinger i en virksomhet som kommunen deltar i eller er eier av.                                                                                                                                               |

# MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

|                                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
|-----------------------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Medlem av styrende organer (§ 18 c)                                   | Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen eller fylkeskommunen deltar i eller er eier av.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
| Deltakelse eller funksjoner i annen virksomhet (§ 18 d)               | Undertegnede deltar ikke i, eller har funksjoner i en annen virksomhet, som kan medføre at revisors interesser kommer i konflikt med interessene til kommunen, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til revisor.                                                                                                                                                                                                                                                                             |
| Rådgivning eller andre tjenester (§ 18 e)                             | <p>Før slike tjenester gjør undertegnede en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art med hensyn til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 18 e, utfører vi ikke tjenesten. Revisor vurderer hvert enkelt tilfelle særskilt.</p> <p>Undertegnede har ikke ytt rådgivnings- eller andre tjenester overfor kommunen som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</p> |
| Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver (§ 18 f) | Undertegnede har ikke ytet tjenester overfor kommunen som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrolloppgaver.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
| Fullmektig for den revisjonspliktige (§ 18 g)                         | Undertegnede opptrer ikke som fullmektig for kommunen.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     |

Molde. 02.12.2025

Terje Gundersen-Røvik  
Oppdragsansvarlig revisor  
**Møre og Romsdal Revisjon SA**

## Saksframlegg

Saksnr. Utval  
PS 04/26 Stranda kontrollutval

Møtedato  
10.02.2026

### **Invitasjon til felles bestilling av forvaltningsrevisjon Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal AS Stranda kontrollutval**

#### **Sekretariatet si innstilling:**

1. Kontrollutvalet i Stranda kommune vil delta i ein felles bestilling av forvaltningsrevisjon av Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal IKS
2. Kontrollutvalet i Møre og Romsdal Fylkeskommune har ansvar for godkjenning av prosjektplan, handsaming av forvaltningsrevisjon rapport og oppfølging av eventuelle vedtekne tilrådingar.
3. Stranda kommune sin andel vert finansiert av budsjettert ramme for revisjonstenestar 2026.
4. Stranda kontrollutval har ingen kommentarar/følgande kommentarar til bestilling av forvaltningsrevisjon.

#### **Bakgrunnsinformasjon:**

Kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune har tatt initiativ til ein felles forvaltningsrevisjon av Interkommunalt arkiv Møre og Romsdal IKS (IKAMR IKS), og kontrollutvala i dei andre eigarkommunane er invitert til å delta og kome med eventuelle innspel.

Invitasjonen frå Møre og Romsdal fylke sitt kontrollutval ligg ved som vedlegg og dei bed om tilbakemelding innan utgangen av februar 2026. Føremålet med revisjonen er å undersøke om IKAMR IKS leverer arkivtenester til eigarane i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande arkivlov.

I vedlagde invitasjon frå fylket sitt kontrollutval står det mellom anna:

Kontrollutvalet ber om ei tilbakemelding på om det er ønskeleg å delta i ein felles forvaltningsrevisjon som nemnd ovanfor, og om det er innspel på føremål og spørsmål/problemstillingar som skal undersøkast.

Om Møre og Romsdal Revisjon SA kan gjennomføre forvaltningsrevisjonen på vegne av alle eigarane, og at kostanden blir fordelt på eigarane etter eigarbrøk.

### **Vurdering:**

Det er avgjerande for kommunar og fylkeskommunar å ha tilgang til velfungerande og lovmessige arkivtenester. Ei velfungerande arkivteneste er ein føresetnad for å sikre dokumentasjonsplikt, transparens, rettstryggleik og god forvaltning, og det er heilt sentralt at tenestene som vert levert frå IKAMR IKS er i samsvar med gjeldande regelverk. Ny arkivlov trådte i kraft 1. januar 2026.

Arkivverket fører ikkje tilsyn med interkommunale arkivinstitusjonar som IKAMR IKS etter arkivlova. Det er kommunane sjølve som har ansvar for å påsjå at arkivinstitusjonane dei eig og brukar, driv i samsvar med arkivlova og anna relevant regelverk. Dette tilseier eit særleg ansvar for eigarkommunane til å følgje opp verksemda gjennom kontrollutvala. I tillegg til å undersøke om verksemda er i tråd med arkivlova, kan det vere aktuelt å sjå på om selskapet har etablert og følgjer opp eit internkontrollsystem, og i kva grad dette systemet fungerer etter føremålet.

Sekretariatet meiner at det i budsjettramma for kontrollarbeidet for Stranda kommune er rom for å delta i eit slikt felles forvaltningsrevisjonsprosjekt om kostnadene vert fordelte etter eigardel (eigarbrøk). Då vil den samla kostnaden for kvar enkelt eigarkommune bli redusert, samtidig som ein sikrar ei brei og samla undersøking som kan gje informasjon som alle kan nytte i kontrollutvalet sitt arbeid med forbetring og læring.

Stranda kommune har ein eigardel på vel 1,83% i IKAMR IKS. Dersom revisjonen vert gjennomført av Møre og Romsdal Revisjon SA innanfor ei ramme på om lag 500 timar, og med timepris på kr 1 400, utgjer dette ein total kostnadsramme på kr 700 000. For Stranda kommune vil dette tilsvara ein estimert kostnad på kr 14 000.

Møre og Romsdal Revisjon SA er leverandør av revisjonstenester for fylkeskommunen, og det er dei som vil gjennomføre forvaltningsrevisjon av IKAMR IKS. Temaet for forvaltningsrevisjonen er å avgjere om selskapet leverer arkivtenester i tråd med gjeldande lovgeving. Etter tilbakemelding om deltaking og eventuelle innspel frå eigarkommunane vert det utarbeidd ein prosjektplan. Denne vert lagt til handsaming i kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune, før den vert sendt til orientering i dei andre deltakarkommunane.

Om Stranda kontrollutval har innspel som fylket sitt kontrollutval bør vurdere å ta med i det vidare arbeidet med forvaltningsrevisjonen, så bør det formidlast i lag med tilbakemelding om deltaking.

### **Vedlegg**

Invitasjon til felles forvaltningsrevisjon 2026 - Interkommunalt arkiv IKS



### **Saksgang**

| <b>Utval</b>                                          | <b>Utv.saksnr.</b> | <b>Møtedato</b> |
|-------------------------------------------------------|--------------------|-----------------|
| <b>Møre og Romsdal fylkeskommune, Kontrollutvalet</b> |                    |                 |

### **Invitasjon til felles forvaltningsrevisjon av Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal Iks (IKAMR IKS)**

På vegner av kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune sendast det ut invitasjon til å delta i ein felles forvaltningsrevisjon av Interkommunalt Arkiv Møre og Romsdal Iks (IKAMR IKS).

Kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune har mottatt innspel på at det kan vere føremålstenleg med ein felles forvaltningsrevisjon av IKAMR IKS. Dette for å sikre at IKAMR IKS leverer arkivtenester til Møre og Romsdal fylkeskommune og dei andre eigarkommunane i tråd med gjeldande og ny arkivlov.

Kontrollutvalet gjorde dette vedtaket i sak 55/25 den 27. oktober 2025:

1. Kontrollutvalet inviterer eigarane i IKAMR IKS til å delta i ein felles forvaltningsrevisjon av selskapet. Føremålet med revisjonen er å undersøke om IKAMR IKS leverer arkivtenestar til eigarane i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande arkivlov.
2. Kontrollutvalet ber om ei tilbakemelding på om det er ønskeleg å delta i ein felles forvaltningsrevisjon som nemnd ovanfor, og om det er innspel på:
  - Føremål og spørsmål / problemstillingar som skal undersøkast.
  - Om Møre og Romsdal Revisjon SA kan gjennomføre forvaltningsrevisjonen på vegne av alle eigarane, og at kostanden blir fordelt på eigarane etter eigarbrøk.
3. Kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune bestiller ein eigarskapskontroll av IKAMR IKS for å vurdere om eigarstyringa skjer i tråd med fylkestinget sine vedtak og aktuell lovgjeving.

Møre og Romsdal fylkeskommune er den største eigaren i IKAMR IKS og tek derfor initiativ til å invitere eigarane i IKAMR IKS til eit samarbeidsprosjekt om ein felles forvaltningsrevisjon av IKAMR IKS.

Det vert beden om tilbakemelding på vedtaket innan utgangen av februar 2026.

Dersom nokon av eigarane i IKAMR IKS har andre tema eller problemstillingar knytt til IKAMR IKS si drift, så er kontrollutvalet opne for å utvide føremålet med revisjonen.

På bakgrunn av mottatte tilbakemeldingar, vil kontrollutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune kome med forslag til korleis prosjektet kan bli gjennomført.

Ta gjerne kontakt ved eventuelle spørsmål til saka.

Med venleg helsing

Anne Kristin Meyer  
Kontrollsjef

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Vedlegg:

Mottakarar er kontrollutvala i:

Ålesund kommune

Molde kommune  
Kristiansund kommune  
Hustadvika kommune  
Ørsta kommune  
Volda kommune  
Haram kommune  
Sula kommune  
Herøy kommune  
Ulstein kommune  
Giske kommune  
Sykkylven kommune  
Sunndal kommune  
Rauma kommune  
Vestnes kommune  
Stranda kommune  
Surnadal kommune  
Averøy kommune  
Hareid kommune  
Aukra kommune  
Aure kommune  
Vanylven kommune  
Tingvoll kommune  
Gjemnes kommune  
Fjord kommune  
Sande kommune  
Smøla kommune  
Rindal kommune

## Saksframlegg

Saksnr. Utval  
PS 05/26 Stranda kontrollutval

Møtedato  
10.02.2026

### Sakframlegg Årsmelding 2025 Stranda kontrollutval

#### Sekretariatet si innstilling:

Stranda kontrollutval vedtek årsmeldinga for 2025. Årsmeldinga vert sendt til kommunestyret som rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2025.

#### Bakgrunnsinformasjon:

Det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kommunestyret vel sjølv eit kontrollutval til å utøve den løpande kontrollen med den kommunale verksemda.

Kommunestyret må sørge for at kontrollutvalet har dei ressursane som er naudsynte for å gjennomføre pålagde oppgåver, og leggje til rette for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal sjå til at rekneskapen til kommunen blir revidert på ein forsvarleg måte, og at økonomien blir forvalta i samsvar med gjeldande føresegner og vedtak. Utvalet skal også sjå til at det blir ført kontroll med forvaltninga av interessene kommunen har i selskap. Kontrollutvalet skal rapportere resultatene av arbeidet sitt til kommunestyret.

#### Vurdering:


Årsmeldinga til kontrollutvalet gir informasjon om kva oppgåver kontrollutvalet har hatt fokus på i 2025 og dermed kva utvalet har gjort for å oppfylle rolla si på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet si rolle er heimla i kommunelova § 23.

Utkast til årsmelding ligg ved som eige dokument. Årsmeldinga er utvalet si årsmelding og det er viktig at kontrollutvalet har eigarskap til meldinga.

Endeleg versjon av årsmeldinga vert å sende over til kommunestyret som ein rapport på kontrollutvalet sitt arbeid i 2025.

### **Vedlegg**

Årsmelding Stranda kontrollutval 2025




# **Årsmelding 2025**

## **Stranda kontrollutval**

**Stranda kontrollutval – på vakt for kommunen sine verdier.**

Kommunen er den viktigaste velferdsprodusenten i samfunnet, og forvaltar viktige ressursar på vegne av innbyggjarane. Omfanget av og breidda i den kommunale tenesteproduksjonen medfører behov for utstrekt styring og kontroll.

Kommunal eigenkontroll er den kontrollen kommunen sjølv gjennomfører i eiga verksemd. Eigenkontroll er eit viktig element i det lokale folkestyret, og skal medverke til at kommunen når dei måla som er sette, innanfor rammene av gjeldande regelverk og tildelte ressursar. Eigenkontrollen skal også medverke til å styrkje tilliten til forvaltninga gjennom førebygging og avdekking av mislege handlingar og andre uheldige tilhøve.



Illustrasjon frå Kontrollutvalsboka 2021

### Om kontrollutvalet

Kontrollutvalet er kommunestyret sin reiskap, og det er kommunestyret som har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kommunestyret spelar difor ei avgjerande rolle for kva merksemd kontrollarbeidet har i kommunen. For at kontrollutvalet skal vere ein god reiskap for kommunestyret, må kommunestyret gje kontrollutvalet gode arbeidsvilkår. Og leggje til rette for god samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Stranda kontrollutval har for perioden 2023 - 2027 slik samansetning:

- Helge B. Kvame – leiar
- Petter Hjørungdal– nestleiar
- Eva Rinde Habostad– medlem
- Per Kristian Støbbakk– medlem
- Synnøve Kjellstad – medlem

## Om revisjonen

Stranda kommune nyttar Møre og Romsdal revisjon SA som revisor. Oppdragsansvarleg revisor i 2025 har vore Kathrin Haram.

Revisor skal utføre rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og annan kontroll som er bestemt i lov eller forskrift. Til dømes skal rekneskapsrevisor gjennomføre forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga, og revisor skal kontrollere grunnlaget for kommunen sitt krav om momskompensasjon. Revisor gjev og ei rekke attestasjonar og fråsegn til mellom anna ulike statlege styresmakter.

I tillegg kan revisor gjennomføre andre oppdrag etter avtale, slik som risiko- og vesentlegvurderingar i samband med utarbeiding av planar og ulike former for undersøkingar. Oppdragsansvarleg revisor har lagt fram for kontrollutvalet dokumentasjon på sitt sjølvstende både knytt til rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.


## Om sekretariatstenesta

Stranda kommune eig ein del av Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS saman med kommunane Haram, Giske, Sula, Sykkylven, Fjord og Ålesund. Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eit sekretariat som er uavhengig av kommunen sin administrasjon og av dei som utfører revisjon for kommunen.

Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS tok i 2025 i bruk sin eigen møteportal i ACOS. Alle medlemskommunane finn sakspapir og ymse informasjon i denne portalen. Innkalling vert sendt utvalet seinast ei veke før møtet. Innkalling og møteprotokoll har dette året blitt sendt til medlemmane i utvalet samt ordførar, politisk sekretariat, kommunedirektør og revisjon. Dei same dokumenta blir lagt ut på kontrollutvalet si heimeside [www.kontrollutval.no/stranda](http://www.kontrollutval.no/stranda) og er der tilgjengeleg for alle.

For at kontrollutvalet skal fylle kontrollfunksjonen sin er utvalet avhengig av støtte og tenester frå sekretariat og revisor. Sekretariatet er den viktigaste hjelparen og støttespelaren til kontrollutvalet, og skal sikre at saker som blir handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde og førebudde, og at vedtak vert følgt opp.

God kommunikasjon og samhandling mellom kontrollutval, sekretariat og revisor er ein føresetnad for at kontrollutvalet effektivt kan føre kontroll på vegne av kommunestyret.



### Kontrollutvalet sin aktivitet i 2025:

Stranda kontrollutval har i 2025 hatt 5 møter og behandla 30 saker. Møteprotokollar vert oversendt til kommunestyret som fortløpande rapportering. Kontrollutvalet har løfta det fram i kommunestyremøta, om der har vore noko i møteprotokollen som kontrollutvalet ville gje særskilt merksemd. Dei saker der kontrollutvalet skal gje tilråding til kommunestyret, vert oversendt kommunestyret som eiga sak utanom protokollen. Dette gjeld til dømes forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

### Økonomi og revisjon

På vegne av kommunestyret kontrollerer utvalet om den økonomiske forvaltninga er i tråd med gjeldande reglar og vedtak. Økonomisjefen har møtt utvalet nokre gonger dette året, for å gje informasjon om status for økonomien og om korleis økonomistyringa er.

Kontrollutvalet uttalte seg i mai om kommunen og hamna sitt rekneskap for 2024. Til grunn for uttalen låg rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding frå revisor. Kontrollutvalet tilrådde at rekneskap og årsmelding vart godkjent av kommunestyret.

I tillegg får utvalet fortløpande informasjon frå revisor. Dette vert mellom anna utført gjennom oppsummering frå interimrevisjon, rapport frå forenkla etterlevingskontroll, informasjon om budsjettavvik, rapport etter årsoppgjersrevisjon og revisor si melding knytt til årsrekneskap og årsmelding. Revisor deltek på alle møta i kontrollutvalet.

### Aktivitetar

Hovudaktiviteten for Stranda kontrollutval har i 2025 vore å ferdigstille forvaltningsrevisjon innan personalforvaltning i Stranda kommune. Utvalet har vore grundig i arbeidet med denne rapporten.

Stranda kommunestyre handsama saka hausten 2025 i tråd med framlegget frå kontrollutvalet. I 2026 ønsker kontrollutvalet å bestille ein forvaltningsrevisjonsrapport i tråd med plan for forvaltningsrevisjon som var vedteke av kommunestyre hausten 2024.

Det er berre kommunestyret gjennom sine vedtak som kan pålegge kontrollutvalet å gjera kontrollhandlingar. For alle andre henvendingar er det opp til utvalet sjølv å vurdere og avgjere om dei vil gjere nærare undersøkingar og eventuelt sette i gang ei kontrollhandling. I dei tilfelle der det er opplagt at henvendinga burde vore retta til andre instansar (som klagenemnda, Sivilombodet eller Arbeidstilsynet), gjev sekretariatet rettleiing til meldar om det.

Når kontrollutvalet mottek ei henvending frå innbyggjarar eller via andre kanalar, gjer utvalet ei vurdering av innhaldet og ser på om det er av ein slik art at det bør setjast i gang ei kontrollhandling. Som ei hjelp i ei slik vurdering har kontrollutvalet hatt nytte av ein trafikklysmodeill knytt til sentrale spørsmål. (illustrasjon frå FKT/Deloitte)

| Sentrale spørsmål                                                                                                                                 | Ja | Delvis | Nei |
|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----|--------|-----|
| • Viser saken til lovbrudd, manglende etterlevelse av kommunale rutiner eller manglende oppfølging av kommunale vedtak?                           |    |        |     |
| • Viser saken til en risiko knyttet til system, rutiner, praksis i kommunen mer generelt innenfor et område?                                      |    |        |     |
| • Dreier saken seg i hovedsak om en personlig enkeltsak?                                                                                          |    |        |     |
| • Er saken under annen behandling i et annet organ? (rettsapparat, sivilombudsmann, statsforvalter, KOFA, klageorgan i kommunen, varslingskanal)? |    |        |     |
| • Er det annen naturlig behandlingsvei for saken (ref. organene nevnt over)?                                                                      |    |        |     |
| • Vedrører saken misnøye med et politisk fattet vedtak?                                                                                           |    |        |     |
| • Kan saken, og sakens oppmerksomhet, bidra til at det stilles spørsmål om tilliten til kommunens saksbehandling av en type saker?                |    |        |     |
| • Berører saken et tema som kontrollutvalget allerede har vurdert som aktuelt for oppfølging i sin risiko- og vesentlighetsanalyse?               |    |        |     |
| • Foreligger området som et tema i plan for forvaltningsrevisjon eller plan for eierskapskontroll?                                                |    |        |     |
| • Kan en gjennomgang bidra til læring og forbedring?                                                                                              |    |        |     |

Det har alltid vore lagt vekt på at kontrollutvalet skal halde seg oppdatert om informasjon og fagutvikling som er aktuell for kontrollutvalet sine oppgåver. Leiar i kontrollutvalet deltok på opplæring for leiarar på Vestnes i august 2025.

Stranda kontrollutval har i 2025 og lagt vekt på samhandlinga mellom kontrollutval og revisjon. Fokus har vore på kontrollutvalet si «påsjåar» rolle på vegne av kommunestyret. Vidare har kontrollutvalet fått god informasjon kring revisjonen sine planar for arbeidet med revisjon av årsrekneskapen 2025.

## Takk

Stranda kontrollutval takkar kommunestyret, administrasjonen og revisjonen for at dei legg til rette for gode arbeidsvilkår for utvalet. Kontrollutvalet vil gjere sitt beste for å skape eit aktivt og engasjerande kontrollarbeid, stimulere til forbetningsarbeid på systemnivå og medverke til auka openheit og demokratisk innsyn.

Stranda, 10. februar 2026